



Fjell Kommune

Knappskog skule

Fjæreidevegen – 5353 STRAUME

TLF: 55 09 75 50 FAX: 55 09 75 51

E-post: Knappskog.adm@fjell.kommune.no

Dato 22.09.09

TIL FORELDRE/FØRESETTE HAUSTEN 2009

ELEVVRDERING.

Frå 01.08.09 gjeld nye paragrafar i forskrift til Opplæringslova. For grunnskulen er det § 3 om vurdering av eleven som er det nye.

Forskrifta er no i tråd med Læreplanen (Kunnskapsløftet = LK06) av 2006. Elevane skal vurderast i høve til korleis dei har nådd måla i LK06. Du vil finna mange mål og delmål i LK06, og desse måla finn du også att i lærebøkene.

Skulen har brukt mykje ressursar på å få utvikla eit nytt system for vurdering, og vil implementere systemet til å verta ein naturleg del av skule-heim samarbeidet på Knappskog skule. Skulen ynskjer å ha ein dialog med foreldra via Fau om korleis systemet på best mogeleg vis kan gje gode vurderingar og vidare korleis det kan vere eit godt grunnlag for å oppfylle den nye forskriften.

Vurderingsopplegget er førebels utarbeidd i dei tre faga norsk, matematikk og engelsk.

Her er eit døme frå matematikk, haust, i 5. klasse:

Innhald/Tema	Vurderingskriterier ut frå kompetansemåla etter 5. årstrinn	Kompetansenivå
Heile tal	Kan eleven plassverdisystemet for desimaltal?	
	Kan eleven rekne med positive og negative heile tal, og plassere dei på tallinja?	
	Kan eleven utvikle og bruke metodar for hovudrekning og skriftleg rekning?	

Kompetansenivået vil bli vurdert med symbol som vil visa kor eleven står i høve til kompetansemåla i L06:

Kompetansenivå

-  - gjennomgått, men lita/inga forståing
-  - litt forståing
-  - grei forståing
-  - full forståing



Fjell Kommune

Knappskog skule

Fjæreidevegen – 5353 STRAUME

TLF: 55 09 75 50 FAX: 55 09 75 51

E-post: Knappskog.adm@fjell.kommune.no

Vurderingskjemaene vil bli brukt kontinuerleg på bakgrunn av dei måla som læraren set for kvar veke, og vurderingane kjem ut frå til dømes veketestar, observasjon, samtale etc.

Av praktiske grunnar vil det vere naturleg å flytta samtaletida til slutten av semesteret fordi pedagogane då vil ha det beste grunnlaget for den faglege vurderinga. Samtaletida kjem vi såleis til å leggja til seinhaustes og sein vår. Tidspunkt for dette vil koma når det nærmar seg.

I tillegg vil vurderingspermen innehalde to perioderapportar, ein for vår og ein for haust. Rapporten har som føremål å fortelje dei føresette kvar eleven ligg sosialt og fagleg i midten av semesteret.

Vi ser fram til framleis godt samarbeid om kvar enkelt elev og målretta læring!

Med venleg helsing


Wilhelm Anglevik
rektor